



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
075/24	Formannskapet	PS	27.08.2024
063/24	Kommunestyret	PS	12.09.2024

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Magnar Riveland	K1-243	14/169

Høringsuttale - Forslag til endringer i spillemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

Vedlegg:

24/1416 Høring - Forslag til endringer i spillemiddelordningen for anlegg til idrett og fysisk aktivitet
- frist 20. sept 2024

Vedlegg til høringsnotat pkt. 4.3 - fordeling av ramme mellom fylker i ordinær tilskuddsordning
Høringsdokument om endringer i spillemiddelordningen for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune sine innspel kjem fram under «Vurdering og konklusjon» i saksutgreiinga.

Hjelmeland, den 20.08.2024

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Formannskapet 075/24

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune sine innspel kjem fram under «Vurdering og konklusjon» i saksutgreiinga.

Kommunestyret 063/24

KST - behandling:

Behandling:

Røysting:

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KST - vedtak:

Hjelmeland kommune sine innspel kjem fram under «Vurdering og konklusjon» i saksutgreiinga.

Samandrag

Kulturetatane i Ryfylke-kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand har eit tett og godt samarbeid. Kommunane er samde om at spelemiddelordninga fungerer godt i Rogaland. Dei fire kommunane sender likelydande høyringsuttalar til forslaga om endringar i spelemiddelordninga. Det er kulturleiar i Hjelmeland, Magnar Riveland, som har skrive uttalen.

Den største endringa som får tilslutnad frå kommunane i Ryfylke, er kravet om at kommunane må laga tydelegare behovsvurderingar når dei prioriterer nye anlegg. I dag er det små krav til slike vurderingar, noko som betyr at anlegg i for stor grad kan bli prioriterte etter «innfallsmetoden» når kortsiktige behov melder seg.

Kommunane i Ryfylke er elles nøgde med måten ordninga blir administrert på i dag, der fylkeskommunane fordeler pengane etter innkomne søknadar frå idrettslag og kommunar – og med bakgrunn i kommunane sine prioriteringar. Rogaland fylkeskommune gjer denne jobben på ein ryddig og god måte, og Rogaland er eitt av fylka der også idrettskretsen meiner fylkeskommunen bør få ei endå større rolle i prioriteringa innanfor eigen region. I fleire andre fylke ønskjer idrettsforbundet at fylkeskommunen si rolle skal reduserast til teknisk gjennomgang av søknadar.

Partar i saka:

Kultur- og likestillingsdepartementet.

Vurdering og konklusjon

Felles uttale frå kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand

Ordninga med spelemidlar til idrettsanlegg er ei føreseieleg og god ordning. Bidraga frå denne ordninga er rause nok til å vera ein utløysande faktor når kommunar eller idrettslag vurderer investeringar i nye anlegg. Dette blir ikkje endra i forslaget frå Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD), og me stiller oss bak hovudtrekka i ordninga. Me stiller oss bak hovudmåla med ordninga, og støttar konklusjonen om at *«I kombinasjon med kommunal finansiering, gaver, lån og dugnad har statlige tilskudd bidratt til en vesentlig anleggsutbygging de siste tiårene. Tilskudd til anlegg vil fortsatt være det viktigste virkemiddelet i idrettspolitikken og skal fremdeles prioriteres i fordelingen av spillemidler til idrettsformål.»*.

Både kommunar og fylkeskommunar må gjera behovsvurderingar ved søknadar om og tildeling av spelemidlar. Krava til desse vurderingane er ikkje veldig tydelege i dag, og det kan verka litt tilfeldig kva anlegg som blir bygde. KUD legg opp til at behovsvurderingane skal ha høgare kvalitet og tilleggast større vekt (punkt 4.2). Dei legg også vekt på at reelle behovsvurderingar krev ein prosess med større brukarmedverknad.

Kommunane i Ryfylke støttar denne endringa.

KUD skriv i punkt 4.2.1 om kriterium for fylkeskommunale prioriteringar, og skildrar tre kriterium. Det eine legg vekt på at område eller anleggstypar med underdekning skal prioriterast. Me støttar dette, men ser samtidig at dette i første rekke vil vera ei utfordring i folkerike område der mange vil delta i ulike aktivitetar.

Det bør leggst til eit ekstra kriterium i tillegg til dei tre KUD har skildra: «Områder med lang avstand til nærmeste anlegg».

Når departementet fordeler pengar til fylkeskommunane i dag, er det basert tre kriterium (punkt 4.3). Søknadsmengde (i kroner) tel 50 prosent, medan relativt innbyggartal og relativ anleggsdekning tel 25 prosent kvar. KUD sender høyringsdokumentet ut med to alternative modellar. Det eine er dagens ordning. I det andre alternativet blir dei tre kriteria (søknadsmengde, innbyggartal og anleggsdekning) vekta likt, med ein tredel kvar.

KUD bør halda på dagens ordning, der søknadsmengden til tillagd mest vekt. Denne seier noko om vilje og evne til å investera i nye anlegg. Ei omlegging der andre kriterium får høgare prioritet, kan føra til auka ventetider i område der behovet for anlegg og viljen til investeringar er stort.

Arbeidsdelinga der staten lagar regelverket, fylkeskommunen forvaltar ordninga og prioriterer mellom søknadar og kommunen identifiserer lokale behov og sender inn søknadar, er fornuftig og velfungerande. Det har kome fleire innspel der idrettskretsar, forbund og andre føreslår endringar i denne arbeidsdelinga. Noregs Idrettsforbund (NIF) føreslår mellom anna at fylkeskommunen si rolle blir redusert til teknisk gjennomgang av søknadar og utarbeiding av regionale planar. NIF meiner at alle søknadar skal få spelemidlar frå ein nasjonal pott etter tur – utan kommunal eller fylkeskommunal prioritering — uavhengig av kor dei er sende frå. NIF meiner også at søknadar frå idrettslag og foreiningar skal prioriterast før offentleg eigde anlegg. Det ville vera uheldig om alle kommunale anlegg, som gjerne er viktige og etterspurde sentralidrettsanlegg, automatisk rykka bakover i køen når det var planar om private anlegg. Samspelet mellom idrettslag og kommunar er bra. Me klarer å rydda køen med lokale prioriteringar. Det er ingen grunn til å endra på dette.

Ordninga med fylkeskommunal prioritering fungerer godt. Kommunane i Ryfylke meiner denne må halda fram. I mange kommunar er alle, eller dei aller fleste, idrettsanlegga offentleg eigde. Det er mange gode grunnar til å organisera det på denne måten, og det er uheldig om prosjekt i kommunar som har ein annan modell automatisk rykker fram i køen.

Fleire idrettskretsar har eit anna syn enn det sentrale synet til NIF, mellom anna Rogaland idrettskrets. Dei meiner at fylkeskommunen si rolle tvert om må styrkast, og at fylkeskommunen bør få ei større rolle i å definera behov og prioritera i sitt område.

Kommunane i Ryfylke støttar dette, særleg når det gjeld viktige regionale anlegg som det ikkje er naturleg å bygga i kvar kommune. Det er likevel viktig at fylkeskommunen tek omsyn til at det er kommunar med store avstandar og relativt lågt folketal. Det må ikkje vera urimeleg lang reiseveg for barn og unge som vil delta i aktivitetar.

Det blir i dag delt ut spelemidlar innan to kategoriar av idrettsanlegg. Den eine kategorien er ordinære anlegg. Dette er anlegg som i hovudsak blir brukte til organiserte treningar og aktivitetar, og der idrettslag gjerne er dei største brukarane. Den andre kategorien er nærmiljøanlegg. Dette er til dømes ballbingar, turløyper, skateparkar og anlegg som er opne for alle, og stort sett blir brukte til uorganiserte aktivitetar. Det er mange som har påpeika at dagens regelverk er for komplisert, og søknadsprosessen er for lang, når det gjeld spelemidlar til små og enkle anlegg. I dag er krava like for store og små anlegg. KUD meiner også at spelemidlane framleis skal utgjera 50 prosent av kostnaden med nærmiljøanlegg, men at maksimal tilskotsandel blir auka frå 300.000 til 400.000 kroner.

Kommunane i Ryfylke meiner at reglane bør endrast slik at det blir ein enklare prosess for nærmiljøanlegg. Me støttar også auken i maksimalt kronebeløp.

KUD føreslår i punkt 4.5.1.1 ei presisering av at når søkaren er eit lag eller organisasjon, skal dei ha idrett, fysisk aktivitet eller friluftsliv som hovudformål. Dette er eit forståeleg prinsipp, men det kan gjera det vanskelegare å få realisert små nærmiljøanlegg på plassar der det ikkje er eit idrettslag. Det er mange døme på at bygderåd eller andre til dømes har etablert ballbingar eller aktivitetsparkar på små plassar.

Det må vera rom for lag som ikkje har idrett som hovudformål til å søka om spelemidler til nærmiljøanlegg.